

Strategi- og næringsavdelinga

Arkivsak 200800581-40
Arkivnr. 027
Saksh. Torgersen, Matti

Saksgang

Vestlandsrådet

Møtedato

02.12.2008 - 03.12.2008

ORGANISERING AV VESTLANDSRÅDET

SAMANDRAG

Vestlandsrådet drøfta 18. september sak om strategidokument, der organisering av sekretariatsfunksjonen vart ein del av drøftinga. Denne saka følgjer opp dette.

Tema som er drøfta i saka er møteform, arbeidsutval, ad-hoc grupper og organisering av sekretariatsfunksjonen.

FORSLAG TIL VEDTAK

[Saka vert teke til drøfting.](#)

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

FYLKESRÅDMANNEN, 19.11.2008:

Innleiing

Vestlandsrådet drøfta 18. september sak om strategidokument. Ein del av drøftinga av nemnte sak gikk på korleis arbeidet i rådet og i sekretariatet skal organiserast. Denne saka følgjer opp denne drøftinga.

Når det gjeld innhaldet i strateginotatet, legg fylkesrådmannen fram eiga sak om dette.

Omsyn knytt til organisering av Vestlandsrådet

På grunnlag av drøftingane i møtet 18. september, legg eg til grunn at Vestlandsrådet ønskjer å arbeide med sentrale politiske saker for Vestlandet. Organiseringa må bidra til at rådet får fram politisk interessante saker, og at sakene vert fylgt opp.

Vi meiner det er fleire forhold som ein må ta omsyn til når ein vurderar den politiske organiseringa av Vestlandsrådet.

- Vestlandsrådet skal vere ein arena for politisk kontakt mellom Vestlandsfylka.
- Vestlandsrådet skal arbeide med saker som rådsmedlemene har eit eigarskap til. Det inneberer at rådet skal arbeide med politiske saker, dvs. at sakene har eit sterkt politisk fokus.
- Rådet skal ikkje berre handsame formelle saker som står på dagsorden, men ha høve til å ta politiske initiativ.
- Rådsmøta skal vere det forum der sakene blir gjennomgått og drøfta. Det er viktig at det er i sjølve rådsmøta den politiske debatten skjer, og at alle medlemene har høve til å setje dagsorden og til å påverke resultatet av drøftingane.
- Rådet ha eigarskap og kunne må følgje opp sakene. Rådet må bli ein arena for å arbeide systematisk med politiske fellessaker for Vestlandet.

Form på rådsmøta

Vi meiner det er viktig å halde på Open time. Dette er eit høve for medlemene til å ta opp saker som dei er opptatt av.

Vi trur det er fornuftig å invitere sentrale føredragshaldarar til å utfordre rådet innan ulike politikkområde. Det bør også kunne vere aktuelt at rådet kallar inn til ulike møte/konferanse om sentrale politikkområde. Slike møter og konferansar kan vere eit middel for å profilere saker som er viktige for Vestlandet.

Dette gjer at det må setjast av noko tid til møta. Vi vil gjere framlegg om at møta blir vidareført i den forma som har vore den siste tida, der rådet møtast om ettermiddagen, og har møte om dagen. Eventuelt kan første dag – om det er føremålstenleg - brukast til møte med eksterne eller konferanse om tema som Vestlandsrådet arbeider med.

Arbeidsutval

Vestlandsrådet drøfta oppretting av eit arbeidsutval, og det var ulike synspunkt på dette.

Etter fylkesrådmannen si vurdering kan eit arbeidsutval ha fleire mulege oppgåver:

- Førebu handsaming i rådsmøta.
- Ha ansvar for oppfølging av saker som rådet har sett på agendaen.
- Planleggje kva for saker rådet arbeider med.

Det vil kunne vere naturleg at eit arbeidsutval består av dei fire fylkesordførarane. Det kan eventuelt bli supplert med ein representant for opposisjonen.

Eg meiner det vil vere uheldig om eit arbeidsutval får i ansvar å førebu saker for rådet. Dette vil kunne svekke rådet som politisk organ, då dei sentrale drøftinga kan lett skje i arbeidsutvalet, og ikkje i sjølve rådsmøtet. Det vil kunne gjere rådsmøta til eit uinteressant organ.

Eit arbeidsutval kan spele ein positiv funksjon dersom det set retning og tek stilling til kva for oppgåver som rådet skal arbeide med. Eit arbeidsutval kan også ta opp saker mellom møta.

Det er likevel grunn til å tru at eit arbeidsutval uansett vil kunne svekkje rådet som politisk organ. Så lenge det ligg føre eit arbeidsutval, vil det lett kunne føre til at dei sentrale politiske drøftingar blir teke i arbeidsutvalet i staden for i rådet.

Inndeling av rådet i grupper

Vestlandsrådet drøfta i siste møte eit alternativ om å dele inn rådet i underutval. Dette fekk inga tilslutnad i rådet, og eg ser difor bort i frå i det følgjande.

Det vart likevel vist til mulegheita for å dele rådet inn i ad-hoc-grupper etter behov. Slike grupper kan i hovudsak ha to ulike oppgåver:

- Ha ansvar for å følgje opp arbeid med eit politikkområde, t.d. som styringsgruppe eller politisk referansegruppe for prosjekt som har som mål å drøfte politikk innan ulike område.
- Følgje opp vedtak gjort i rådet. I dette tilfelle vil gruppene ha ein funksjon som ein påverknadsgruppe. I staden for å etablere grupper, kan rådet oppnemne einskildpersonar til å følgje opp eit politikkområde (ein slags saksordførar).

Ved ad-hoc-grupper er det naturleg å tidsavgrensa mandatet, slik at ikkje ad-hoc-grupper blir i praksis faste politiske grupper. Det må utformast eit mandat for slike grupper, og dei må rapportere til rådet slik at gruppene si rolle er klårt definerte i høve til rådsmøta.

Fast eller roterande sekretariat

Sekretariatet skal vere i stand til å fremje politisk interessante saker for rådet, kvalitetssikre sakene og følgje opp desse. Sekretariatet må også sørgje for å forankre arbeidet i fylkeskommunane, og sørgje for at det blir koordinert med anna arbeid.

Fylkesrådmannen i leiarskapsfylket har innstillingsretten til Vestlandsrådet, men konsulterer dei andre fylkesrådmennene.

Eg legg til grunn at leiarskapen i Vestlandsrådet fortsett bør rotere. Det er vidare naturleg at fylkesrådmannen i leiarskapsfylket har innstillingsretten.

Det er viktig at arbeidet i rådet blir forankra i fylkeskommunane, og eg meiner det fortsett er behov for ei organisering etter fagområde, dvs. at ordninga med ansvarsgrupper blir vidareført.

Vi ser følgjande mulege modellar for sekretariatsfunksjonen:

- Organisering som i dag.
- Eit fast sekretariat med fast tilsett sekretariatsleiar. Dagens ordning med ansvarsgrupper kan bli vidareført innanfor eit fast sekretariat. Fylkesrådmannen i leiarskapsfylket bør ha innstillingsretten.
- Ein delvis fast modell, der kvar fylkeskommune har ansvar for å stille faste ressursar til sekretariatsfunksjonen. Dette kan skje gjennom at fylkeskommunane tek ansvar for sekretariatsfunksjonen innan kvart sitt fagområde. Modellen krev vidareføring av dagens ordning med faggrupper der alle fylkeskommunane er representert, og der leiarfunksjonen i gruppene går på omgang med leiarskapen.

Eit fast sekretariat kan vere ein pådrivar og kan initiere saker. Utfordringa er å sørgje for tilstrekkeleg forankring i dei einskilde fylkeskommunane for arbeidet. Det kan vere ei utfordring at sekretariatet lett blir for tett knytt opp mot vertsfylket.

Eit delvis fast sekretariat kan sikre betre kontinuitet og sterkare administrativ oppfølging av gruppene. Utfordringa kan vere å sikre ei god fordeling av funksjonane mellom fylka.